

Til medlemmene i Bygland og Årdal sokneråd

MØTEREFERAT ONSDAG 26.05.2021

Tilstades: Sigrid Greibrokk, Kari Aud Bakke Svenningsen, Ånund Eldhuset, Marit Taksdal, Guro Kvaale Skibsrud, Stian Øina Vestøl, Olav Nilsen og Kjell Steinbru.

Forfall: Arve Rauk og Olav Neset

Sokneprest Kjell Steinbruk opna med tankar om pinsebodskapen, med utgangspunkt i Johannes 16.4.-15.

Sak 06/21 Ny kyrkjeleg organisering

Kyrkjeverje Olav Nilsen og sokneprest Kjell Steinbru orienterte om kvart sitt syn på saka, deretter synte Kjell Steinbru ein informasjonsvideo frå Kyrkjerådet, og deretter tok fleire ordet og delte sine tankar rundt dette.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til neste soknerådsmøte 25.08.2021.

Sak 07/21 Sak U.off.

Sak 08/21 Gudstenesteplan og Offerliste 2.halvår 2021.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Gudstenesteplanen og Offerlista slik ho gjeng fram av sokneprest Kjell Steinbru's mail av 25.05.2021 vert lagt til grunn for 2.halvår 2021.

Sak 09/21 Orienteringssaker

Årsmøte/årsfest vert 6.juni kl.11.00 i Sandnes kyrkje, Åraksbø, og med påfølgande samling på Grendehuset.

Kjell leier samlinga, Olav tek ansvar for annonsering i Setesdølen.

Sigrid, Kari, Marit og Guro tek hand om serveringa, og her fann eg følgande notat om maten:

1 marsipankake, stor
1 kringle, stor
Bake bollar
Kaffi
Saft
Servietter

Trusopplæraren har fått 10 månaders permisjon, og kyrkjekontoret på Evje arbeider no med å finna ein erstattar.

Årets konfirmantkull skal ha si første samling på Vonheim 2.juni

Det vert no lettelsar i smittevernreglane, og i samband med kyrkjelege samlingar

Sak om LHBT-undersøking i Den norske kyrkja var oversendt tidlegare, og sokneprest Kjell Steinbru orienterte kort om denne.

Sokneprest Kjell Steinbru orienterte og om arbeidsmiljøundersøkinga blant kvinnelege prestar.

Bygland kyrkjekontor, 26.05.2021

Olav Nilsen
kyrkjeverje